



NATURRESERVAT

GULE-/STAVIKMYRANE

Gule-/Stavikmyrane naturreservat vart oppretta i 1996 i medhald av naturvernlova*. Formålet med vernet er å ta vare på eit av landet sitt største myrlandskap. Området har verdi som eit nasjonalt typeområde. Det er på 8 km².

OMRÅDET

Reservatet er splitta opp av små kollar og fastmarksryggar. I aust ligg Myrsteinen, eit karakteristisk landemerke 105 m over havet. I nord ligg Gulevatnet og i sør er Langvatnet. I vest er det spor etter gamle torvuttak.

VERNEVERDIEN

Ved vern av natur, er det ikkje berre sjeldne og spesielle område som vert verna. Dette myrkomplekset er eit typeområde, og såleis i utgangspunktet ein vanleg myrtype i landet. Men både grøfting, oppdyrking og torvuttak gjennom lang tid har ført til at det er få store att.

MYRA

Karakteristisk for ei myr er den høge grunnvasstanden som fører til mangel på oksygen. Sidan oksygen er viktig for nedbryting av dødt plantemateriale, vil det bli ei opphoping av torv. Myr er såleis eit godt lager for klimagassen CO₂.

I torva ligg det eit pollenarkiv som kan fortelje oss om kva slags vegetasjon det har vore i området nesten heilt sidan istida.

Det fins ei rekke ulike typar myr. Dette reservatet er dominert av næringsfattig nedbørsmyr med planmyr og atlantisk høgmyr. Der ei myr kjem i kontakt med bakke og grunnvatn aukar næringsmengda og ein får ein jordvassmyr.

PLANTELIVET

I vest dominerar tuer med gråmose, medan det i aust er større innslag av reinlav. Av plantegeografisk interesse er at dvergbjørk, klokkeling og rome er vanlig i tuevegetasjonen. I senkingar er det artar som bukkeblad, kvitmyrak, dystorr og duskull.




Røsslyng



Rome



Klokkelyng



DYRELIVET

Myra har eit rikt og variert fugleliv. Det mest interessante med fuglelivet er innslaget av fjellfuglar som går ned i låglandet. Til dømes jordugle, heilo, myrsnipe og varslar. Tornirisk opptre her på si nordgrense. Kongeørn jaktar i området heile året og ein ser ofte havørn og fjellvåk som flyr over det. Andre artar er trane, heipiplerke og småspove. Langs vassdraga kan oter gå innover frå sjøen.



Trane

* naturvernlova blei erstatta av ny naturmangfaldlov i 2009.

UTDRAG FRÅ VERNEFORSKRIFTA

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv og sanking av bær og matsopp. Men vi vil be om at du:

- viser omsyn til plante- og dyrelivet. All vegetasjon er freda mot ein kvar skade.
- respekterer at allmenn motorisert ferdsel er forbode.

I reservatet er det elles forbod mot mellom anna terrenginngrep, anlegg og utbygging.

Verneforskrifta og annan utfyllande informasjon om reservatet er lagt ut på

www.naturbase.no Sjå også www.miljostatus.no

Forvaltning, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset. Tlf. 71 25 80 00

Statens naturoppsyn. Tlf. 73 58 05 00

www.fylkesmannen.no - www.naturoppsyn.no